

Dato: 04.11.2015
Arkiv: 049

37

Kontrollutvalet

SAK 37/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet den 24.09.2015.

Forslag til vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 24.09.2015 vert teken til orientering.

Jostein Støylen
Dagleg leiar

Ida Birgitte Marholm
Sekretær



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Formannskapssalen, rådhuset
Dato: 24.09.2015
Tid: 08.00 – 09.25

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Myklebust	Leiar	
Wenche Gjerde Sætre	Nestleiar	
Marianne Brune Leikanger	Medlem	

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn
Bjørn Thore Hansen
Harald Sætre

Varamedlemmar som møtte:

Namn

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Kjell Martin Vikene	Teknisk sjef. I sakene 31 og 32.

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
25/15	GODKJENNING AV INNKALLING AV SAKLISTE.
26/15	GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ SISTE MØTE.
27/15	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015
28/15	MELDINGAR
29/15	EVALUERING KONTROLLUTVALET 2011-2015
30/15	BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2016
31/15	OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON – VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE BYGG
32/15	ORIENTERING OM VAKTMESTERTENESTA
33/15	SANDE NÆRINGSFORUM – ORIENTERING OM RETNINGSLINER FOR TILDELING
34/15	FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SPESIALUNDERVISNING – GRUNNSKULEN SANDE KOMMUNE
35/15	UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

SAK 25/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent; men sak 33/15 vert trekt og skal setjast opp på neste møte.

SAK 26/15 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 01.06.2015 vert godkjent.

SAK 27/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015

Møteprotokollar til gjennomgang:

Kommunestyret	18.06
Formannskapet	09.06, 18.06, 24.06, 25.08, 08.09
Driftsutvalet	28.05, 03.09
Ungdomsrådet	17.08, 24.08
Arbeidsmiljøutvalet	26.05, 15.09
Sande næringsforum	27.05, 02.09
Naturforvaltningsnemnda	11.06, 20.08

Protokollande frå næringsforumet og arbeidsmiljøutvalet 15.09
(som medlemene ikkje finn på nettet) vert å ta opp på neste møte.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

SAK 28/15 MELDINGAR

Meldingar

1. Kommunal Økonomi: «Ventetiden er over!»
2. Kommunal Økonomi: «Skatteinnkrevingen i Norge forblir kommunal – NKK har vunnet frem med sine argumenter»
3. Kommunal Rapport: «Bernt svarer: Du har plikt til å forklare deg til kontrollutvalget»
4. Vikebladet Vestposten: «-Ikkje utan vidare gode barnevern»
5. Kommunebilde – eit grunnlagsdokument for dialog mellom Sande kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
6. Møre og Romsdal Fylkeskommune. Forvaltningsrevisjon og tilbudsstruktur i vidaregåande opplæring i Eiksundregionen

Samrøystes vedtak

Meldingane vert tekne til orientering.

SAK 29/15 EVALUERING KONTROLLUTVALET 2011-2015

Saksopplysningar

I og med dette truleg er siste møte i noverande valperiode, evaluerer vi (kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen) arbeidet i perioden. Dette for å kunne bli endå betre i den nye valperioden.

Kom fram i møtet:

Viktig at alle får nettbrett

Linkane frå kommunen si heimeside til sakene i utvalet bør gåast igjennom og evt. forbedrast

Det er viktig at medlemmane gir melding så tidleg som mulig, dersom dei ikkje kan møte grunna lovleg forfall.

Utvalet framheva at dei godt tilfreds med sekretariatet og revisjonen sitt arbeid.

Utvalet er no veldig tilfreds med revisjonen si framdrift og utføring av forvaltningsrevisjon.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet viser til det som kom fram under møtet.

Kontrollutvalet er godt nøgde med arbeidet som vert gjort av sekretariatet og revisjonen.

SAK 30/15 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2016

Saksopplysningar

Styret for Vest kontroll vedtek selskapet (samarbeidet) sitt budsjett. Når vedtak er fatta vert melding om kommunen sitt tilskot sendt rådmannen, som legg dette inn i kommunen sitt budsjett. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

I tillegg til budsjett for sekretariat er det nødvendig at kontrollutvalet, som utval, har sitt eige budsjett som skal dekke: Opplæring/kurs, litteratur m.m.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv bl.a. dette i Kontrollutvalsboka (2011) om opplæring:

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nytting at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

For å få tilstrekkeleg opplæring er det nødvendig at det vert løyvd midlar.

Hausten 2015 vil eit nytt kontrollutval vere valt på i konstituerande kommunestyremøte (nye valreglar for kontrollutval frå valet 2015). Dette inneber at opplæringa kjem i gong hausten 2015 og vil også gå vesentleg inn i 2016. Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2016 på same nivå som vart lagt fram for 2015, kr 40.000.

For større særskilde tiltak/saker (som gransking, større forvaltningsrevisjonar) må framleis hovudregelen vere at kontrollutvalet først går til kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar til formålet.

Viser til Kontrollutvalsboka som er utgitt av Kommunaldepartementet i 2011 side 25:

«Det er berre kommunestyret som kan endre budsjettframlegget frå kontrollutvalet. Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som

kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. Formannskapet kan likevel, i sitt samla budsjett, føreslå eit lågare beløp enn det kontrollutvalet føreslår. Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal likevel uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.»

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minimum kr 40.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjettet for 2016. Leiar og møtegodtgjersle må kome i tillegg.

Sak 31 vart teken i samband med sak 32.

SAK 31/15 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON – VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE BYGG

Teknisk sjef Kjell Martin Vikene var til stades og orienterte og svara på spørsmål. Jf. også sak 32/15.

Vedlegg

Tilbakemelding frå rådmannen, av 17.09.2015

Tilbakemelding frå rådmannen, av 21.08.2014.

Forvaltningsrevisjonsrapport – Vedlikehald av kommunale bygg i Sande kommune

Saksopplysningar

Kommunestyret behandla forvaltningsrevisjonsrapporten i sak PS 35/13, og gjorde slikt vedtak:

1. Kommunestyret tek til etterretning forvaltningsrevisjonsprosjekt Vedlikehald av kommunale bygg i Sande kommune.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar, jf. rapporten pkt. 6 side 41 skal fylgjast/utførast.
3. Det vert vidare vist til vedtak i sak K-42/12 Organisering av eigedomsforvaltning i Sande kommune.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 34/14:

1. Kontrollutvalet meiner at rådmannen så langt har følgd opp kommunestyrevedtaket vedkomande PS35/13 Vedlikehald av kommunale bygg på ein tilfredsstillande måte.
2. Revisor sjekkar spørsmål internt vedkomande reglement, og gir tilbakemelding til rådmannen.
3. Kontrollutvalet ber rådmannen om ei ny tilbakemelding på oppfølginga til 20.08.2015.

Anbefalingar frå revisjonen med rådmannen si tilbakemelding

Rapporten pkt. 6, side 41

1 Fleirårig vedlikehaldsplan

Tilråding:

Kommunen bør utarbeide ein fleirårig vedlikehaldsplan med tidsperspektiv, og samordna med økonomiplan inkl. kostnader og prioritering. Denne bør bygge på kunnskap og eigne tilstandsvurderingar som kommunen allereie har utarbeida.

Rådmannen si tilbakemelding, 21.08.2014:

Kunnskap og oversikt over bygningsmassen er god. Rapporten og vedlegg til rapporten syner det. Vedlikehaldsbehov (vedlegg nr. 2 i rapporten), saman med AMU si prioritering ut frå HMS vert å leggje til grunn for prioritering i samband med det årlege budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Rådmannen si tilbakemelding, 17.09.2015:

Kunnskap og oversikt over bygningsmassen har vore og er fortsatt god.

Vedlikehaldsbehov saman med AMU si prioritering etter vernerunder er fortsatt styrande mht vedlikehaldsprioriteringar inn mot budsjett/økonomiplan.

Til orientering så har AMU i sak 9/15 vurdert vernerundene som HMS-aktivitet. Over tid har dei regelmessige vernerundene vorte ei blanding av HMS-tiltak og vedlikehaldstiltak. AMU har bede om ei endring på dette – slik at system og ansvarsforhold vert meir avklara. Ei slik systemendring medfører ikkje noko mindre vedlikehaldsbehov, men rolle- og ansvarsforhold vert med dette meir tydelig.

Det har i fleire møter vore arbeidd å definere grensegangen mellom HMS tiltak og vedlikehaldstiltak (sjå her vedlegg møterferat 29.06.15 og vidare nye oppsatte tiltak for HMS tiltak og vedlikehaldstiltak). AMU behandla dette i møte 15. sept. 2015.

2 Reglement for forvaltning av bygningsmassen

Tilrådingar:

Kommunen bør vurdere å utarbeide reglement for forvaltning av den kommunale bygningsmassen.

Rådmannen si tilbakemelding, 21.08.2014:

Administrasjonen er usikker på kva revisjonen legg i begrepet «reglement for forvaltning». Vi bed derfor revisjonen om ytterligare veileiding om formål, innhald, etc. Rådmannen syner også til spørsmål til kontrollutvalssekretariatet om kva som er meint med dette punktet.

Rådmannen si tilbakemelding, 17.09.2015:

Til orientering har rådmannen bede kontrollutvalet om meir veiledning rundt dette forholdet.

3 Tenesta for områdevaktmester

Tilrådingar:

Kommunen bør gjennomgå områdevaktmeistertenesta, spesielt med tanke på intensjonen om samarbeid og gjennomføring av større vedlikehaldsoppgåver.

Rådmannen si tilbakemelding, 21.08.2014:

Administrasjonen ser at forventninga og oppgåvedelinga mellom den enkelte eininga og vaktmestertenesta kan vere ulik og uklar. For å klargjere dette betre vil teknisk etablere brukarmøter mellom einingsleiarar og vaktmestertenesta. Det vert i starten lagt opp til slike brukarmøter kvart halvår, så får erfaringar etter kvart vise behovet for kor ofte slike brukarmøter bør vere. Hensikta med slike brukarmøter er bl.a. betre dialog og betre avklaringar ang oppgåvedeling mellom einingane og vaktmestertenesta. Vidare så vil ein i slike brukarmøte få avklart om kapasitet og oppgåver står i forhold til kvarandre.

I samband med framtidig rekruttering innan vaktmestertenesta vil bl.a. organisering av tenesta vere tema for vurdering.

Rådmannen si tilbakemelding, 17.09.2015:

Administrasjonen ser at forventningane mellom den enkelte eining og vaktmestertenesta er ulik og uklar. Brukarmøte er eit tiltak for å betre dette.

Eit brukarmøte er gjennomført. Erfaringane så langt er varierende, men brukarmøta som dialogmøter vil fortsette. Det vart gjennomført brukarmøte 9 des 2014 der vaktmeistarar og einingsleiarar innan skule deltok.

Det vart gjennomført møte 23.02.2015 i forhold til gjennomgang av områdevaktmeister-tenesta. Administrasjonen vil gjennomføre baseetablering/oppmøtestad på Sandetun. (sjå vedlagt møtereferat her) Det er ynskje med noko bygningsmessige endringar knytt til baseetablering på Sandetun og dette heng noko saman med Sandetunutbygginga som no er under arbeid.

4 Rutinar får årleg kontroll/kontroll ved skifte av leigetakar/oppussing av leilegheiter

Tilrådingar:

Kommunen bør etablere rutinar kring årleg kontroll av leilegheitene, og evt. oppussing av leilegheiter/bustadar ved skifte av leigetakar.

Rådmannen si tilbakemelding, 21.08.2014:

I dag er det ein del oppgåver som vert gjort ved skifte av leigetakarar. Desse oppgåvene kan sikkert verte betre dokumentert gjennom sjekklister etc. Dette vil administrasjonen sjå nærmare på.

Om forslaget om oppussing mellom kvar leigetakar er å betrakte som eit generelt krav, så er dette ikkje naudsynt ut frå eit vedlikeholdsperspektiv. Det vil også ha konsekvens for inntektsida. Rutiner som medfører vasketenester og generelt tilsyn i samband med utflytting/innflytting er delvis på plass i dag. Til tider kan det vere problem å fullføre desse rutinene helt ut pga. tidsnød for dei som treng husrom.

Rådmannen si tilbakemelding, 17.09.2015:

Sjekklister i samband med utleige og avslutning av leigeforhold er utarbeidd (vedlegg 1).

Fullstendig oppussing av leiligheiter mellom kvart utleigeforhold er ikkje naudsynt ut frå eit vedlikeholdsperspektiv. Slik oppussing vert vurdert fortløpande og prioritert utført når situasjonen krev det. Ei heilt klar føresetnad for auka satsing på vedlikehaldsarbeid er at det er tilgjengelege vedlikehaldsmidlar.

Avslutning

Diskusjonen og avklaringane i møtet vil avgjere om kommunestyrevedtaket vedkomande rapporten er følgt opp på ein tilfredsstillande måte frå rådmannen.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet meiner, så langt, at kommuneadministrasjonen har følgt opp kommunestyret sitt vedtak på ein tilfredsstillande måte. Utvalet vil følgje opp saka ytterlegare på eit seinare tidspunkt.

Sak 32 vart teken i samband med sak 31.

SAK 32/15 ORIENTERING OM VAKTMESTERTENESTA

Teknisk sjef Kjell Martin Vikene orienterte om vaktmestertenesta.

Jf. også sak 31/15

Saksopplysningar

Dette kom spesielt fram i møtet:

Det er ein del med vaktmesterordninga som ikkje fungerer. Dei jobbar aktivt med å forbetre tenesta. Det vert jobba med å få til ein base for oppmøte, kanskje lokalisert til Sandetun.

Det er ein del problematikk i ordninga som gjer situasjonen vanskeleg no.

Det vert også vist til vedlegget frå rådmannen som ligg under sak 31 – Oppfølging av forvaltningsrevisjon – Vedlikehald av kommunale bygg.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå teknisk sjef til vitende. Utvalet viser og til det som kjem fram vedkomande vaktmestertenesta under sak 31/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjon – Vedlikehald av kommunale bygg.

SAK 33/15 SANDE NÆRINGSFORUM – ORIENTERING OM RETNINGSLINER FOR TILDELING

Vedlegg

Lokale retningslinjer

Retningslinjer for RDA frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Retningslinjer kommunale næringsfond 2013

Forskrift for distrikts- og regionpolitiske virkemidler og retningslinjer

RDA tilsagn 2014 Sande kommune

EØS reglar

Rapport om kommunal virksomhet i lys av EØS-avalens statsstøtteregler

Saksopplysningar

Dagleg leiar i Sande næringsforum orienterar om retningslinjer for tildelingar.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka, då den vart trekt frå sakslista.

SAK 34/15 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – SPESIALUNDERVISNING – GRUNNSKULEN SANDE KOMMUNE

Vedlegg

Forvaltningsrevisjonsprosjekt – spesialundervisning - grunnskulen Sande kommune. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 02.06.2015.

Saksopplysningar

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet vedtok i sak 10/15 å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring spesialundervisning i grunnskulen. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om Sande kommune innanfor spesialundervisning følgjer krava som går fram av lover og føreskrifter og då spesielt mtp. sakkyndig vurdering, vedtak, individuell opplæringsplan (IOP) og års/halvårsrapportar. Kontrollutvalet ønskte også at prosjektet skulle vurdere føresette si tilfredsheit med spesialundervisninga. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse over kommunen sin ressursbruk innanfor spesialundervisning, og omfanget sett i forhold til andre kommunar. Kontrollperioden var skuleåret 2013/2014.

Problemstillingar, anbefalingar og rådmannen sine kommentarar

Problemstilling 1:

Sikrar kommunen eleven sine rettigheter knytt til sakkyndig vurdering?

(Del 6 i rapporten. Side 19)

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

- PPT skal utarbeide ei sakkyndig vurdering før kommunen gjer enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Kontrollert 12 av 32 elevsaker der det er tildelt spesialundervisning, og i tillegg 2 av 3 saker der det blei gitt avslag (14 av 35 saker i alt).
- Innhaldet i dei sakkyndige vurderingane frå PPT var i samsvar med føresetnadane i opplæringslova og rettleiar.
- Alle 14 hadde fått sakkyndig vurdering, med tilhøyrande tilråding frå PPT før vedtak om spesialundervisning.
- Alle kontrollerte sakkyndige vurderingar, og som hadde vore grunnlaget for enkeltvedtak skuleåret 13/14, var av nyare dato (<3-4år). Det gjekk også fram av vurderinga kor lenge den var gjeldande.
- Dei sakkyndige vurderingane inneheldt ikkje lovheimel eller var stempla med unnateke offentlegheit. Kommunen bør oppdatere mal for sakkyndig vurderingar slik at desse emna inngår i framtidige vurderingar.
- Skulen og PPT er i dialog med foreldra før den sakkyndige vurderinga vert utarbeida, og at føresette dermed får moglegheit til å komme med evt. innspel til vurderinga. Dette går også fram av kommunen sine skriftlege rutinar.

Problemstilling 2:

Ligg det føre skrifteleg vedtak på elevar med spesialundervisning og er dei i samsvar med vedtaket?

(Del 7 i rapporten. Side 23)

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

Vedtaka: Form og innhald

- Vedtaka som vert fatta i høve spesialundervisning følgde same mal og utforming ved alle skulane.
- Vedtaka inneheld detaljert informasjon om innhaldet i opplæringa, den organisatoriske gjennomføringa og omfanget av den tildelte ressursen.

Samanheng mellom sakkyndig vurdering og tiltak

- I 3 av dei 14 kontrollerte sakene var det avvik mellom sakkyndig vurdering og vedtak i høve den tildelte ressursen.
- Ein såg i liten grad grunngjeving for avviket.

Unnateke offentlegheit

- Om lag halvparten av dei gjennomgådde vedtaka var ikkje merka/stempla med «unnateke offentlegheit».
- Kommunen bør utarbeide gode rutinar for merking av unnateke offentlegheit på alle dokument knytt til saker som gjeld spesialundervisning.

Klage

- Gjekk ikkje fram av vedtaksteksten informasjon mulegheita til å søke fri rettshjelp og til å få tilkjent saksomkostningar.

- Kommunen fattar enkeltvedtak i dei tilfelle PPT ikkje tilrår spesialundervisning, og dette sikrar klagerettane til elev og føresette.

Problemstilling 3:

Vert elevane med spesialundervisning følgt opp? (Individuell opplæringsplan og årsrapportar)

(Del 8 i rapporten. Side 28)

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

Individuell opplæringsplan (IOP)

- IOP skal vise mål, innhald og korleis opplæringa skal gjennomførast.
- Planen skal rullerast kvart år så lenge eleven har vedtak om spesialundervisning, og skal innehalde kor mange timar med spesialundervisning i skuleåret som er spesifisert i enkeltvedtaket.
- I 13 av dei 14 kontrollerte sakene låg det føre IOP.
- Felles mal og utforming ved alle skulane, og desse har eit innhald som i stor grad oppfyller opplæringslova sine krav.
- Manglande dato for når IOP har vore utarbeida gjorde det vanskeleg å evaluere sakshandsamingstida.
- Kunne i dei få tilfella det gjekk fram signaturodato sjå ut som at planane var utarbeida på hausten, medan dei fleste vedtaka var fatta i mai/juni.
- Kommunen bør sørge for at framtidige IOP-ar inneheld opphavleg- og revurderingsdato.
- IOP bør utarbeidast så raskt som råd, og i samband med at enkeltvedtak om spesialundervisning vert fatta.
- Ikkje registrerte avvik mellom vedtak og IOP i forhold til tildelt ressurs.
- Dei aller fleste IOP-ane var signert av foreldre/føresette, og det kan derfor sjå ut som at kommunen i stor grad utarbeidar IOP-ane i samråd med dei føresette.

Årsrapport

- Halvårs-/årsrapportane hadde same utforming som IOP der vurderingskolonne var utfylt.
- God samanheng og «raud tråd» mellom IOP og årsrapport, både mtp. opplæringsmål og tiltak.
- Innhaldet tilfredsstilte lov og rettleiar.
- Gjekk i stor grad ikkje fram dato for når eleven har vore evaluert/vurdert.
- Bør leggast inn dato og evt. revurderingsdato for når evalueringa/vurderinga har funne stad.

Problemstilling 4:

Korleis vert ulike sider ved spesialundervisninga vurdert av brukarane – representert ved foreldre/føresette

(Del 9 i rapporten. Side 31)

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

- Grunna relativt låg svarprosent var det ikkje mogleg å konkludere i høve føresette si tilfredsheit med kommunen si sakshandsaming og opplæringa.
- I dei svara ein fekk var dei fleste i nokon eller liten grad nøgde med spesialundervisninga som eleven tok i mort skuleåret 2013/2014.
- Blei bl.a. peika på at assistentressurs i stor grad vart nytta til også andre elevar, manglande kontinuitet mtp. spes.ped. lærarar og lite informasjon i høve kva ein har krav på, og mulegheiter som finnast i høve tilpassing av undervisninga.
- Blei også peika på at ein har lite kontroll ved om undervisninga vert gjennomført som planlagt.

Anbefalingar i rapporten (Rapporten del 10. Side 32)

1. Det bør etablerast tryggjande rutinar kring dokument som er unntatt offentlegheit.
2. Kommunen bør sørge for at framtidige IOP-ar og årsrapportar inneheld signatur med både opphavleg- og eventuelt revurderingsdato.

Rådmannen si tilbakemelding (Rapporten del 11. Side 33)

«Tilbakemelding på rapporten som ligg føre:

1. Kommunalleiar for oppvekst og kultur har hatt rapporten til gjennomsyn. Det same har PPT.
2. Vi konkluderer med at det så langt vi kan sjå ikkje er grunn til å kommentere metodikk og prinsipp. Rapporten vil gje oss eit nyttig innblikk i eiga drift og er ei grei korrigering av eit viktig område innan våre tenester.
3. For oss hadde det vore meir nyttig om fokus var retta mot det som skjer no (2015), men vi forstår at det er vanskeleg.
4. Andre kommentarar:
 - Under ressursbruk er det å anføre at andel elevar på spesialundervisning har gått ned frå 10,4% (13/14), via 7,9% (14/15) til 6,0% (2015/16).
 - Sande er i ferd med å snu kurva når det gjeld kva i skuleløpet ein set inn spes. Tidleg innsats, dvs. førskulesalder og småskule.
 - Bruk av assistent i spesialundervisning er meir enn halvert i løpet av siste året. Ynskjer fagfolk.
 - Privatskular dobbelt så høgt timetal til spes. av to grunnar:
 - 1) Kommunane må betale
 - 2) Skeivfordeling av elevmassen
 - Grunnen til at ein IOP-plan ikkje vart framskaffa, var at (pga. lov om personvern).

Venleg helsing
Sande kommune
Øystein Johansen,
Kommunalleiar for oppvekst og kultur»

Avslutning

Meir utfyllande og detaljert informasjon finn ein i rapporten frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, som ligg ved saka.

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet spesialundervisning - grunnskulen Sande kommune.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast:
 1. Det skal etablerast tryggjande rutinar kring dokument som er unntatt offentlegheit.
 2. Kommunen skal sørge for at framtidige IOP-ar og årsrapportar inneheld signatur med både opphavleg- og eventuelt revurderingsdato.
 3. Når einingsleiar si vurdering avvik frå den sakkunnige vurderinga til PPT, når det gjeld tildeling av ressursar, må dette grunnvist i vedtaket.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 01.08.2016.

SAK 35/15 UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Marianne Brune Leikanger.

Møtet slutt.

OLAV MYKLEBUST

MARIANNE BRUNE LEIKANGER

UTSKRIFT TIL:

**KOMMUNESTYRET SOM MELDING
KONTROLLUTVALET FOR GODKJENNING I NESTE MØTE
RÅDMANN
ORDFØRAR**